

Strategisk næringsplan

For vekst og utvikling i Vik kommune

2022-2025

INNHOOLD

Om planen – kvifor strategisk næringsplan?.....	2
Fakta og kunnskapsgrunnlag.....	3
Logikken i plandokumentet.....	4
Mål	5
Strategiar.....	6
1 Handels- og trivselsbygda Vik.....	6
2 Mat og drikke – frå jord til bord	6
3 Knoppskyting og vekst gjennom nettverk og samarbeid	6
4 Besøkande for lokalsamfunnsutvikling	6
5 Rekruttering og profilering.....	6
Frå ord til handling	6
1 Samarbeid som hovudarbeidsform.....	7
2 Heilskapstenking i botn	7

OM PLANEN – KVIFOR STRATEGISK NÆRINGSPLAN?

Vik kommune har styrt næringspolitikken og næringsutviklingsarbeidet etter «Strategisk næringsplan 2013-2024» som var utarbeidd som kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Den overordna planen har fungert som langsiktig plan, med fireårige handlingsplanar.

Den planen som du no les i er ein temaplan for næringsutvikling, utarbeidd i 2021 som eit samarbeid mellom Vik kommune, Sogn Næring og næringslivet og innbyggjarane i Vik. Planen skal forenkle næringsutviklingsarbeidet, og sette ein tydeleg og samlande retning for utviklingsarbeidet i Vik, samstundes som den posisjonerer Vik i omverda.

Det overordna målet med planen er å samle gode krefter for å saman skape ei vekst, utvikling og gode lokalsamfunn i heile Vik kommune. Vik har dei same indikatorane for den samla utviklinga som alle andre kommunar: Vekst i tal arbeidsplassar, og vekst i tal innbyggjarar. SSB og Telemarksforsking har lagt til grunn ei framskriving som tek utgangspunkt i demografi, sentralitet og forventta innvandring. I denne framskrivinga kjem Vik ut med negativ folketalsutvikling framover. Denne planen har som misjon å syte for at innbyggjarar, næringsliv, politikarar og administrasjon i Vik kommune gjer alt ein kan for å levere betre enn prognosen. Lukkast ein med den innsatsen, har ein lukkast som samfunn – sjølv om nettotala syner nedgang.

Planen er forsøkt gjort så konkret og poengtert som mogeleg. Det betyr at ikkje alle er nemnt, og nokre vil kanskje sakne sine hjarteborn. Håpet er at planen likevel kan samle engasjement frå så mange som mogeleg av dei som vil Vik vel, og som har krefter og vilje til å bidra. Ved å rette inn planen tematisk vil fokuset vere flytta frå enkeltbransjar og -bedrifter, til verktøy og tema som vedkjem alle – på tvers av storleik og sektor. Då vert planen brukande til å møte ei framtid som endrar seg raskt, som truleg vil krevje andre tiltak av oss i morgon enn dei me planlegg i dag.

FAKTA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG

Planen byggjer på kunnskapsgrunnlaget frå førre utgåve, med oppdaterte tal og framskrivingar per 2021. I tillegg tek den omsyn til regionale og nasjonale satsingar og føringar som vil kome Vik til gode, enten i form av samarbeid med andre for å realisere eigne mål, eller for å styrke dei områda der Vik og overordna mynde har samanfallande mål og strategiar. Nasjonale føringar og strategiar ligg tilgjengeleg på www.regjeringen.no, og regionale planar, samt kunnskapsgrunnlag i form av statistikk og data, kan finnast på Vestland fylkeskommune sine nettsider www.vlfk.no. Til sist ligg SSB sine tal og framskrivingar til grunn for vurderingane knytt til sysselsetting, arbeidsplassar fordelt på næring og folketalsutvikling – alt tilgjengeleg på www.ssb.no.

I tillegg har Distriktssenteret sine rapportar og kunnskapssamanstillingar vore til god hjelp i arbeidet med å tilpasse val av tema, metodar og verktøy til Vik sin storleik og Vik sine føresetnadar. Dette kunnskapsgrunnlaget er tilgjengeleg på Distriktssenteret sine nettsider www.distriktssenteret.no.

I tillegg har planen teke utgangspunkt i dei regionale utviklingsanalysane for Sogn, der ein god del av talmaterialet er brote ned på kommunenivå. Telemarksforskning har utarbeidd dette materialet på oppdrag frå Sogn Regionråd, og ligg tilgjengeleg på Sogn Regionråd sine nettsider www.sogn.regionraad.no.

LOGIKKEN I PLANDOKUMENTET

Bestillinga frå næringslivet og politikarane i Vik har vore ein handlingsretta og konkret plan. Difor har du så langt ikkje funne lange analysar, men korte oppsummeringar som tek utgangspunkt i Vik. Førre kapittel seier noko om kva kunnskapsgrunnlag ein har brukt. Alt underlagsmateriale er tilgjengeleg for dei som ynskjer å fordjupe seg, men det er ikkje repetert i planen. Resten av planen vil halde fram med å vere tydeleg, konkret og handlingsretta. Målet er at planen dermed skal kunne nyttast som eit praktisk arbeidsverktøy for dei som ynskjer å bidra, og unngå skjebnen som fyll i ei skrivebordsskuff.


Tre viktige prinsipp ligg til grunn for mål, strategiar og satsingane:



**KVALITATIVE MÅL
(VS. KVANTITATIVE)**



**HANDLINGSRETTA
STRATEGIAR (VS.
RESULTATRETTA)**



**KONKRETISERING AV
OPPFØLGING
(ROLLER, ANSVAR)**

Desse tre faktorane seier noko om korleis ein skal jobbe, og har som bærande prinsipp at ein skal ta utgangspunkt i faktorar ein får gjort noko med. Kvantitative mål har vore mykje brukt i næringsplanar tidlegare, til dømes i form av mål om spesifikk vekst innanfor enkeltbransjar. Dette vil ein i liten grad få gjort noko med. Dersom ein derimot har eit mål om at flest mogeleg av bedriftene i Vik skal jobbe strategisk med å omstille seg til nye markadar vil arbeidet truleg bli nyttig og viktig. Om strategiane spelar opp under slike kvalitative mål, vil alle som vil kunne ta del. Då er det til slutt viktig at dei ulike aktørane er trygge på kvarandre, har ei tydeleg rolledeling og at alle tek sin del av ansvaret. Utviklingsarbeid er lagarbeid, og ikkje noko ein kan sette vekk eller forvente skal løysast av enkeltaktørar.

MÅL

Vik kommune har desse tre overordna måla for næringsutvikling:

1. *SAMARBEID FOR UTVIKLING*
2. *ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN I HEILE KOMMUNEN*
3. *GODE KOMMUNIKASJONSLINJER TIL OMVERDA*

I tillegg skapar desse fire føresetnadane rammetilhøve for alt utviklingsarbeid:



STRATEGIAR

For å nå dei oveordna måla skal Vik kommune jobbe med fem strategiar:

1 HANDELS- OG TRIVSELSBYGDA VIK

Fleire av Distrikssenteret sine rapportar peikar på eit levande sentrum som ein viktig premis for folk sin trivsel. Ein stad med kvalitetar som gjer at fastbuande og besøkande ynskjer å opphalde seg der, der handels- og servicetilboda skapar liv og røre, og der kulturaktivitetar og trivlege møtestadar skapar eit spanande krydder. Vik har og har hatt eit fantastisk sentrum, men det må jobbast for at det også skal bli opplevd slik i framtida. For å lukkast å skape ein slik stad må alle gode krefter jobbe saman. Kommunen, næringsdrivande, lag og organisasjonar og innbyggjarar må finne saman, og spele på kvarandre for å finne vegen framover.

2 MAT OG DRIKKE – FRÅ JORD TIL BORD

Vik består av ei lang rekkje jordbruksbygder, og har lange og stolte tradisjonar på alt frå bringebær til gamalost. Mat og drikke er eit av dei sterke nasjonale og regionale satsingsområda, og rommar dessutan eit viktig bidra til ei meir berekraftig verd – der ressursane vert klokt utnytta lokalt, og der råvarene reiser så kort som mogeleg. Vik har eit stort potensiale for å vidareutvikle heile verdisirkelen knytt til mat og drikke, frå jord til bord. Då må det jobbast langsiktig, strategisk og truleg også på nye måtar – der aktørar som ikkje har jobba saman før sit seg ned saman.

3 KNOPPSKYTING OG VEKST GJENNOM NETTVERK OG SAMARBEID

Vik utmerkar seg med å ha eit svært variert næringsliv, fordelt på mange ulike bransjar. Difor er ikkje noko enkeltbransje løfta fram. Gjennom å jobbe strukturert med å legge til rette for knoppskyting frå eksisterande næringsliv, og skape gode arenaar for nettverk og samarbeid er potensialet for samla vekst stort. Nettverk kan vere innanfor enkeltbransjar der ein har mange sterke aktørar, som industri og anlegg, eller på tvers av bransjar for å skape nye verdisiklar som spelar på ulike fortrinn som Vik har. Samarbeid er også Vestland fylkeskommune sin viktigaste strategi for næringsutvikling.

4 BESØKANDE FOR LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

Vik har lange tradisjonar som besøksmål. Nokre har reist frå andre sida av verda, nokre frå andre sida av fjorden. Til felles har alle besøkande at dei enten kan utgjere ei plage for lokalsamfunnet, eller dei kan vere med å gjere det rikare. Vik kommune eig sjølv eit ansvar for å legge til rette for, skape aktivitetar og spele saman for å få dei utfallet ein ynskjer. Denne strategien legg til grunn ei innleiande runde der alle interessentar vert samde om kva ein vil ha slags lokalsamfunn, kva kvalitetar det inneheld og korleis ein skal styrke det som er bra, og gjere noko med det som er dårleg. Distrikssenteret, Telemarksforsking og Vestland fylkeskommune peikar alle på at vellukka stadar har lukkast med akkurat denne koplinga.

5 REKRUTTERING OG PROFILERING

Vik er verdas beste plass, men det er det ikkje alle som veit. Difor må det jobbast systematisk og langsiktig med å syne fram det som er bra i Vik, og fremje dei gode grunnane til at nye og gamle vikjar skal bidra til gode arbeidstakarar for arbeidsgjevarane i Vik og regionen rundt, og vere med å skape levande lokalsamfunn. Dette arbeidet må alle aktørane i Vik eige saman, og er løfta fram av Innovasjon Norge som eit av dei viktigaste strategiske grepa for kommunar som ynskjer å snu ei negativ folketalsutvikling.

FRÅ ORD TIL HANDLING

Skal Vik lukkast med å nå måla og realisere strategiane i dette dokumentet må ein lukkast med å gå frå ord til handling. Vik kommune legg til grunn to viktige premiss for måten kommunen ynskjer å gå frå ord til handling på:

1 SAMARBEID SOM HOVUDARBEIDSFORM

Alle strategiane har samarbeid som føresetnad for at ein skal lukkast. For Vik kommune betyr det å vere bevisst på at det krev samarbeid internt i eigen organisasjon, samarbeid med private og ideelle aktørar i Vik og samarbeid i regionen og med viktige kunnskapsmiljø for å heile tida forbetre måten ein jobbar på, og at ein jobbar rett.

2 HEILSKAPSTENKING I BOTN

Det vert ingen næringsutvikling dersom det ikkje vert ein integrert del av samfunnsutviklingsarbeidet. Premissane for mykje av det som skal skje i realiseringsarbeidet er summen av mange små bevegelsar, der ein heile søker å sjå heilskapen. Det kan vere investering i ein trivselsfaktor i sentrum, eit vedtak om ei investering innan helse og omsorg, eller politisk påverknadsarbeid for å få på plass ny veg. I tillegg har kommunen fleire forvaltningsroller som òg er viktige for den samla utvikling. Planar må vere oppdaterte og gode, sakshandsaminga må vere så rask at den ikkje er til hinder for initiativ og utvikling, stadutviklinga må ta folk med og ha ein tydeleg retning og ein må vere til stades der avgjersle vert tekne eksternt.

Vik kommune skal frå og med 2022 utarbeide årvisse handlingsplanar saman med næringslivet, som konkretiserer arbeidet frå år til år. Strategien legg premissane for handlingsplanen, som skal syne kva som skal gjerast frå år til år på kvar enkelt strategi.